



Trafikktryggingsplan for Vestnes kommune 2015-2018



Skuleskyss ved Helland skule 2013

Juni 2014

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01
epost:postmottak@vestnes.kommune.no

Org.nr. 939 901 965



Innleiing

Denne plana er ei vidareføring av Vestnes kommune sin trafikktryggingsplan for 2009-2012. Trafikktryggingsplan er eit hjelpemiddel for kommunen i arbeidet med å gjere alle innbyggjarane i kommunen trygge når dei ferdast ute i trafikken.

Ved å inkludere innbyggjarane i kommunen i planprosessen fer ein synleggjort eit stort spekter av trafikktryggingstiltak som det skal satsast på i planperioden. Vidare blir det satt opp ei prioriteringss liste med dei aktuelle tiltaka.

Trafikktryggingsplana inneholder oppdaterte ulykkestal og årsdøgntrafikk på aktuelle strekningar. I tillegg til ein liten presentasjon av kommunen er det utarbeida ein handlingsplan der dei ulike tiltaka er kategorisert og prioritert.

Vestnes kommune vil leggje vekt på haldningsskapande tiltak, spesielt hos barn og unge. I tillegg vil det bli prioritert å bygge gang- og sykkelvegar der det er særskilt viktig for trafikksikkerheten. Dette er i tråd med Transportstrategi for gående og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019, Trafikktryggingsstrategi for Møre og Romsdal 2013-2022 og Rundskriv T-208 Barn og unge i planlegging.

- Kilder/referanser:

Møre og Romsdal fylke sin handlingsplan innan samferdsel.

Transportstrategi for gående og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019

Trafikktryggingsstrategi for Møre og Romsdal 2013-2022

Ulykkesanalyse for Møre og Romsdal

Trygg trafikk (Årsrapport 2012)

Statens vegvesen handbok i trafikktryggingsplanarbeidet HB 209

Håndbok for trafikksikkerhetsarbeid i kommunene – Trygg Trafikk



Trafikktryggingsplan for Vestnes kommune 2015-2018	1
Innleiring	2
Lovverk	4
Vestnes kommune	5
-midt i blinken!	5
Båtbyggjarkommune	6
Visjon og målsetting.....	7
Målsetting.....	7
Strategi	8
Vegnettet	9
Trafikkmønster og vegstandard.....	10
Trafikktryggingsarbeidet.....	12
Skuleskyss	15
Aktørar og ansvarsområder	16
Ulykkesstatistikk	18
Antal ulykker i Vestnes kommune i perioden 2008-2012.....	18
Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012	20
Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012 – inndelt i aldersgrupper	20
Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012 – inndelt etter skadegrad	21
Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012 – inndelt etter type ulykke	23
Vurdering av Trafikktryggingsplana 2009-2012.....	24
Ny prioriteringsliste for 2015-2018:	26
Innkommne innspel i forbindelse med varsling av oppstart med planarbeidet:	28
Vedlegg til plana:	30



Lovverk


Vegtrafikklova med forskrifter, dannar grunnlag for svært mange trafikktryggingstiltak, skilt, trafikkopplæring, krav til køyrety m.m.

Veglova omfattar m.a. heimel til fastsetjing av standarden på vegnettet, inndeling og nedlegging av vregar m.m. Tilhøyrande forskrifter og normalar.

Plan og bygningslova er svært viktig i høve til å kunne gjennomføre fysiske tiltak i den einskilde kommune. Med heimel i PBL er det m.a. fastsett Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unge sine interesser i planleggingsarbeidet.

Folkehelselova: §7 “Kommunen skal iverksette naudsynte tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringar, jf. § 5. Dette kan blant anna omfatte tiltak knytta til oppvekst- og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.”

Aktuelle planar på nasjonalt nivå er Nasjonal Transportplan, Nasjonal strategi for førebygging av personskadeulykker, Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg og Plan for tiltak mot ungdomsulykker.



Vestnes kommune


-midt i blinken!

Vestnes kommune ligg midt i fylket med kort avstand til Molde, Ålesund og Åndalsnes. Av dette kjem slagordet ”midt i blinken”.

Kommunen ønskjer å være ein ettertrakta plass å bu, ein trygg kommune der folk skal trivast, store som små. Med kort avstand til byane ligg kommunen sentralt plassert og i posisjon til å styrke seg befolkningsmessig om ein tek vare på og utviklar kommunen. Dette blir det jobba hardt med heile tida, det kan til dømes nemnast store prosjekt som Tresfjordbrua som skal opnast i 2015, Møreaksen som er i planleggingsfasen(med Vestnes kommune som ein av pådrivarane) og ikkje minst den rivande sentrumsutvikling dei siste åra med oppgradering av Kjøpmannsgata og mange nye leilegheitsbygg.

Befolkinga er ved utgangen av 2.kvartal i 2013 på 6624 innbyggjarar. Dette er ein vekst på om lag 150 personar sidan 2008. Noko av denne veksten tilskriv seg frå Asylmottaket som vart etablert i kommunen i oktober 2010.

Endring i folketalet siste 10 åra, endring i prosent, 2002-2012



Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01
epos

Org.nr. 939 901 965
vestnes.kommune.no



Innbyggjarane i kommunen er fordelt slik i bygdene våre:


Vike	6,0%	Daugstad	4,1%
Tresfjord	8,5%	Skorgen	5,3%
Helland	40,3%	Øverås	5,0%
Tomrefjord	21,6%	Fiksdal/Rekdal	8,8%

Båtbyggjarkommune

Vestnes kommune har lang tradisjon som båtbyggjarkommune. Også i dag er skipsbygging ein stor del av næringslivet. Dei største verfta er Vard, Solstrand verft, Aas Mekaniske og Salthammer. Desse verfta bidreg sterkt til å halde arbeidsledigheita lav(1-3%) og har stor betyding for mange av dei som bur i kommunen.

I tillegg har mange av innbyggjarane sin arbeidsplass innan helsesektoren, der PU skil seg ut grunna Vestnes si tidlegare rolle som vertskommune.

Næringslivet og sysselsettinga i kommunen kan grovt fordelast slik:





Visjon og målsetting

Vestnes kommune har ein visjon om at ingen skal bli alvorleg skadd eller drepne i trafikken i kommunen. Den kjende 0-visjonen.

Også i Nasjonal Transportplan legg stortinget denne visjonen til grunn for sitt arbeid med trafikktrygging. Den har eit delmål som seier at innan 2020 skal talet på drepne og hardt skadde vere redusert med ein tredel.

Målsetting

Kommunen skal arbeide målretta for å hindre talet på ulykker ved blant anna å:

- Fokusere på haldningsskapande arbeid, spesielt med barn og unge.
Alle skal kunne gå, sykle og køyre med låg risiko på veg til og frå daglege gjeremål og fritidsaktiviteter.
- Betre den fysiske tilrettelegginga av trafikksystemet
- Auke utbygginga av manglande gang- og sykkelvegar på farlege strekningar



Målsettinga er i tråd med “Regional delplan for folkehelse 2014-2017”, “Rundskriv T-2/08 Om barn og planlegging”, ”Transportstrategi for gåande og syklende i Møre og Romsdal 2010-2019”, utarbeidd av Møre og Romsdal fylke i 2007 og ”Trafikktryggingsstrategi for Møre og Romsdal 2013-2022 ”)



Strategi

I arbeidet med trafikksikkerheit er det viktig at kommunen har langsiktige perspektiv og tar omsyn til arealbruken ved utarbeidingar av kommuneplanar og detaljreguleringar. Å avsette areal til trafikktryggingstiltak gjer det enklare å komme i gang med arbeidet når midlane er på plass.



Kommunen vil kartlegge kor det er farlege strekningar og ulykkespunkt, ei slik oversikt vil være til stor hjelp når ein skal sette prioriteteringsrekkefølgje på tiltaka.

Ein må ikkje gløyme det haldningsskapande arbeidet som er like viktig som dei fysiske tiltaka. Allereie i barnehagen blir det starta med trening i å være trygg i trafikken. At dette arbeidet blir oppfølgt gjennom heile grunnskulen er særsviktig, spesielt grunna den høge ulykkesfrekvensen ein ser i gruppa unge frå 16 til 24 år.

I forbindelse med denne plana blir det undersøkt kva tiltak som blir gjort i barnehage og grunnskule, her må det vurderast om ein treng fleir tiltak i til dømes ei spesiell aldersgruppe.

Det er også viktig at trafikktryggingsarbeidet blir integrert i den øvrige kommunale planlegginga slik at tiltaka blir innarbeidd i kommunen sin økonomiplan.



For å oppsummere strategien: kommunen vil ha fokus på haldningsskapande tiltak og prioritere utbygging av gang- og sykkelvegar, spesielt i samband med trygg skuleveg. I tillegg vil kommunen kontinuerlig jobbe for å utbetre vegsystemet i kommunen og inkludere trafikktryggleik i arbeidet med kommunale arealplanar.



Vegnettet

Vestnes kommune ligg som eit knutepunkt mellom byane Ålesund, Molde og Åndalsnes. Her ligg skjeringspunktet mellom dei to stamvegane E136 og E39.

Det er to store prosjekt som vil ha spesiell betydning for Vestnes kommune, det eine er Tresfjordbrua som skal stå ferdig hausten 2015. Den vil knytte store delar av Vestnes tettare mot Rauma kommune, i tillegg til at eigne innbyggjarar ikkje treng å køre rundt for å komme seg over Tresfjorden.

Det andre prosjektet som er verdt å nemne er Møreaksen. Denne er berre på planleggingsstadiet enno, men er med i Nasjonal Transportplan si liste over prioriterte prosjekt. Denne utbygginga vil gje Vestnes kommune fast forbindelse til Midsund, Aukra og Molde kommune ved ein undersjøisk tunnel frå Nerås og til Otrøya. Derifrå er det bru vidare til dei to andre kommunane.



-Tresfjordbrua under bygging i september 2013



Trafikkmønster og vegstandard


- Europavegar: E39 og E136: 73km
- Fylkesveg 661: 30km
- Øvrige fylkesvegar: 5 stk 27 km
- Kommunale køyrevegar: 90km herav 8 km grusveg
- Kommunale gangvegar/fortau 10km

E136: Strekkjer seg fra Ålesund til Åndalsnes og vidare til Dombås. Med Tresfjordbrua som blir ferdigstilt i 2015 vil E136 ikkje lenger gå rundt Tresfjorden.

E39: Kyststamvegen, kjem sørfrå over Ørskogfjellet og går med fergje til Molde, før den endar i Trondheim.

Fv661: går vestover frå kommunesenteret i Helland gjennom industribygda Tomrefjord og vidare til Fiksdal, Rekdal og Haram kommune.

FV147: går frå Fiksdal over Nakkedalen til Haram. Dette er den mest nytta ruta mellom Vestnes og Haram sidan den er vesentleg kortare.





Trafikkmønsteret er prega av gjennomgangstrafikk på Eksportvegen E136 og Kyststamvegen E39, men også av mykje lokal trafikk på Fv661 mellom kommunesenteret Helland og industribygda Tomrefjord.

E39/E136	Ørskogfjellet – Kjellbotn	ÅDT 3700 19% tunge kjøretøy
E136	Kjellbotn – Tresfjord	ÅDT 2650 18% -----"
E136	Tresfjord – Vike	ÅDT 1950 22% -----"

Andelen tunge kjøretøy på E136 er karakteristisk også gjennom Rauma kommune og opp Romsdalen. Årsaka er trailertransporten til og frå Sunnmøre, som fraktar gods til marknadane på austlandet og vidare til kontinentet. E136 rundt Tresfjorden held ikkje stamvegstandard, og har hatt høg ulykkesfrekvens. Når Tresfjordbrua står ferdig i 2015 vil denne type transport ikkje lengre gå rundt Tresfjorden, men nyte seg av bruа.

E39	Kjellbotn – Helland	ÅDT 4200 19% tunge kjøretøy
E39	Helland – Furneskrysset	ÅDT 4200 9% -----"
E39	Furneskrysset – Fergekaia	ÅDT 2700 11% -----"
Fv661	Furneskrysset – Tomrefjord	ÅDT 2550 7% -----"
Fv661	Tomrefjord – Fiksdal	ÅDT 1300 5% -----"
Fv661	Fiksdal – Rekdal	ÅDT 300 6% -----"
Fv147	Fiksdal-Nakkedalen	ÅDT 410 - -----"
Fv 160	Misfjordvegen	ÅDT 100 - -----"

Mykje av trafikken på E39 er naturlig nok også gjennomgangstrafikk mellom Sunnmøre og fylkeshovudstaden Molde. Vi ser òg at tyngda av den interne trafikken i kommunen går mellom Tresfjord – Helland – Tomrefjord, der vi finn dei fleste arbeidsplassane og det meste av busettinga i kommunen.

NB: Alle trafikktala er henta ifrå Statens Vegvesen sin statistikk frå 2013.

<https://www.vegvesen.no/vekart/vekart/>



Trafikktryggingsarbeidet

Tidlegare trafikktryggingsplan var ifrå perioden 2009-2012. Kommunen har vedteke at plana skal rullerast og dette vart annonsert i lokalavisa og på heimesida til kommunen 25.09.2013. Det vart satt 6 vekers frist for å komme med innspel.

Likt med tidlegare trafikktryggingsplanar er det også denne gong sendt ut invitasjon til lag, velforeiningar, organisasjonar, skuler, barnehagar, bedrifter og helsetenester om å komme med innspel til planen. Ungdomsrådet, rådet for funksjonshemma og helse- og omsorgsutvalet er nokre av dei som blei kontakta særskilt. Målet med dette er å få inn flest moglege innspel slik at ein kan få ei god oversikt over naudsynte trafikktryggingstiltak i kommunen.



Dette krysset på bakketoppen av E39 ved Vestnesgarden har dårlig sikt og kan bli fjerna.

Generelle innspel som blir mottatt blir kategorisert og vurdert før prioriteringsslista over tiltak blir satt saman. Kommunen er heilt avhengig av innspel frå innbyggjarane for å få ei heilskapleg oversikt over nødvendige trafikktryggingstiltak.

Prioriteringslista er utarbeidd i eit samarbeid mellom planavdeling, tekniske tenester, kommunalsjef for skule og oppvekst, barn- og unges representant og folkehelsekoordinatoren.



Som ein del av prosessen har det vore gjennomført ei enkel undersøking ved skulane og barnehagane der dei meldte inn kva trafikktryggingstiltak som blir utførte ved den enkelte skule/barnehage (sjå vedlegg til plana). Det er viktig for kommunen å dokumentere at den haldningsskapande opplæringa held eit høgt nivå og blir satt fokus på.

Tilbakemeldingane frå barnehagar og skular viser at dei alle har faste rutinar for å jobbe med gode haldningar og åtferd i trafikken. Barnehagane nyttar seg av til dømes Trygg trafikk, politiet og helsetenesta i arbeidet med trafikktrygging. Skulane har samarbeid med til dømes politi, Statens vegvesen, Trygg trafikk og trafikkskular.

Folkehelsekoordinatoren har i tillegg initiert ei undersøking angåande transportvaner til og frå skulen, alle grunnskulene i kommunen fekk invitasjon til å delta, men det var kun Helland skule som svarte. Undersøkinga synte at det er eit stort potensiale for å forbetre antal elevar som går eller sykler til skulen. Mange av barna blir kjørt til skulen grunna at foreldra opplever skulevegen som utrygg eller har tidspress. Denne undersøkinga blir følgt opp vidare av folkehelsekoordinator.



Det er kome inn fleire innspel på ønske om ein trygg overgang her mellom Knipa og Fjordhotellet. I tillegg til fortau bort til Rema.



Med bakgrunn i den lave ulykkesstatistikken blir det vurdert at dei som driv haldningsskapande arbeid, slik som skule, barnehage, helsetenesta, folkehelsekoordinator og barn- og unges representant, opprettheld det gode arbeidet som m.a. tilbakemeldingsskjemaet syner. Det er difor ikkje utarbeidd ei eiga liste over nye prioriterte tiltak innafor haldningsskapande arbeid.

Liste over tiltak som blir gjennomførte i barnehage og skule i dag ligg som vedlegg til denne plana.

Det har blitt innhenta oppdaterte ulykkestal frå Statens vegvesen og Statistisk sentralbyrå, denne informasjonen er framstilt i diagram for å gje ei god oversikt.

All denne informasjonen, i tillegg til innhald i førre plan, dannar grunnlag for den nye trafikktryggingsplana for 2015-2018.

I arbeidet med plana er det også viktig å forhalde seg til overordna planer og eksisterande kommuneplan.

Relevante planar på fylkesnivå:

- Møre og Romsdal fylke sin handlingsplan innan samferdsel.
- Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019
- Trafikktryggingsstrategi for Møre og Romsdal 2013-2022



Skuleskyss

Det er mange elevar i kommunen som får skuleskyss grunna at dei har farleg skuleveg. Trygging av skulevegen er eit gjennomgåande tema i denne plana og har fått stort fokus på lista over tiltak kommunen vil prioritere. Det er ønskeleg at fleire skal føle seg trygge på skulevegen sin slik at dei som ikkje har for lang veg kan gå eller sykle.

Skuleskyssen i Vestnes er regulert gjennom eit eige reglement som tok til å gjelde 01.januar 2002. Siste justering vart vedteke i kommunestyret 19.mars 2009. Hovudpunktata i reglementet er:

Automatisk rett til skuleskyss:

- Elevar på 2.-10. årssteg som bur meir enn fire km frå skulen
- Elevar på 1. årssteg som bur meir enn to kilometer frå skulen

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

- Elevar som har farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Heile reglementet kan sjåast på Vestnes kommune sine heimesider.



Skuleskyss Helland skule 2013



Aktørar og ansvarsområder

-i trafikktryggingsarbeidet

Det kan være komplisert nokre gonger å forstå kvifor ein ikkje berre kan utføre eit naudsynt tiltak der og då. Det er mange faktorar som spelar inn, til dømes økonomi og prioriteringsrekkefølgjer, i tillegg til dei ulike instansane ei sak må gjennom. Ein kommune er berre ein liten del av systemet og kan i mange tilfelle kun prøve å påverke andre instansar til å utføre tiltak i kommunen. (Til dømes Staten og Fylkeskommunen)

Samferdselsdepartementet: Styrer trafikkarbeidet gjennom Nasjonal Transportplan (NTP). Vegdirektoratet er det mest sentrale fagorganet for trafikktryggleik og har m.a. det overordna faglege og økonomiske ansvaret for vegsektoren.

Fylkeskommunen: Har eit sjølvstendig ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktrygginga i fylket. Frå og med 2010 tok fylkeskommunen over ansvaret for mange av riksvegane og fekk difor enno større ansvar for samferdsla og trafikktryggingsarbeidet.

Fylkeskommunen har ei støtteordning til trafiksikringstiltak i regi av frivillige lag, burettslag osv, denne ordninga baserer seg på 50/50 prinsippet og har ei øvre begrensing på 30 000 kroner.

Hovudmål samferdsel 2013-2016: ”**Fremme regional utvikling og robuste bu-, arbeids- og serviceregionar gjennom å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem.**”

Hovudutval for samferdsle har det politiske ansvaret for trafikktryggingsarbeidet i fylket. Dette ansvaret er vidare delegert til trafikktryggingsutvalget (FTU), som er ligg under Hovudutval for samferdsle.

Statens vegvesen: Arbeider for at alle som går, syklar, kjører, eller reiser kollektiv skal kome trygt og sikkert fram. Statens vegvesen planlegg, bygger, drifter og vedlikeheld riks- og fylkesvegane i Noreg på oppdrag frå Samferdselsdepartementet og fylkeskommunane. Statens vegvesen har også ansvar for gjennomføring av førarprøve og tilsyn med kjøretøy og trafikantar.



Kommunane: Kommunane har ei svært viktig rolle i det lokale trafikktryggingsarbeidet:

- Planarbeid etter plan og bygningslova
- Fremje forslag til tiltak på riks- og fylkesvegar
- Trafikkopplæring i barnehagar og skular
- Informasjon til trafikantane
- Planlegge og utføre fysiske tiltak på kommunale vegar.

Den einskilde kommune har påverknad på tiltak på fylkes og riksvegar, trafikkopplæring og kontroll/overvaking m.a. i høve til korleis tiltak skal prioriterast. Kommunale trafikktryggingsplanar er ein føresetnad her. Kommunane kan òg fastsetja fartsgrensene på kommunale vegar.

Trygg trafikk: Medlemsorganisasjon for frivillig trafikksikkerheitsarbeid og eit bindeledd mellom frivillige aktørar og myndighetene. Samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker, skaper møteplasser og arrangerer årleg en nasjonal konferanse for trafikksikkerheit.

Gjennom eigne vedtekter har dei ansvar for å formidle kunnskap og følgje ulykkesutviklinga, samt vere høringsinstans i ei rekke saker.


Politiet: Politiets målsetting er å forebygge lovovertradelser i trafikken, for derigjennom å forhindre trafikkulykker med drepte og hardt skadde. Politiet har særlig ansvar for overvåking og kontroll av atferden til trafikantene. Politiet har også ansvar for etterforskning og påtalemessig oppfølging av overtredelsene.



Ulykkesstatistikk

I perioden 2003-2007 var gjennomsnittet for antal drepne og skadde i Vestnes kommune på 26-27 personar i året. Dei nya tala for 2008-2012 syner ein nedgang til 8-9 personar i snitt kvart år. Ein nedgang på ca 65%!


Om ein ser på talet drepne frå 2003-2007 så miste 8 personar livet i trafikken, medan perioden 2008-2012 så miste 2 personar livet.



Målet for dei neste åra må være at dette talet skal være 0!

Trafikktryggingsplana har eit mål om å bidra til at denne nedgangen fortset vidare i framtida. Kommunen er veldig glad for denne positive nedgangen i ulykkestala, både antal ulykker og personar involverte.

Antal ulykker i Vestnes kommune i perioden 2008-2012



Totalt 33 ulykkestilfelle for dei siste 5 åra. For dei 5 føregåande åra er talet 64!




Ulykke i krysset
Hagnesvegen/Løviknes
caravan 30.09.2013.
Lettare personskader og
ein del materielle skader.
Brannvesen var raskt
tilstades og fekk
skumlagt motorsykkelen.

Krysset har därleg sikt
grunna
bobilar/campingvogner
som blir plassert heilt
inntil krysset. Kyrkjebakken er ikkje forkjørsregulert, så det er høgreregelen som
gjeld.






Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012



Totalt 42 personar har vore involvert i ei ulykke dei siste 5 åra. For dei 5 føregåande åra er talet 132!


Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012 – inndelt i aldersgrupper



Det ser ikkje ut til at det er noko sterkt overvekt av skadde personar i noko spesiell aldersgruppe. Frå 18-44 år er tala nokså like.



Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012 – inndelt etter skadegrad




Talet på drepne og alvorleg skadde er 0 eller berre 1-2. Målet er at desse tala er 0 kvart år.





Antal skadde og drepne i Vestnes kommune i perioden 2008-2012 – inndelt etter type ulykke



All statistikk er henta ifrå Statens vegvesen og Statistisk sentralbyrå i september 2013.



Vurdering av Trafikktryggingsplana 2009-2012

Trafikktryggingsarbeidet er ein kontinuerlig prosess og trafikktryggingsplana skal rullerast kvart 4. år og nyttast som grunnlag i budsjettarbeidet. Universell utforming skal vere eit grunnleggande prinsipp i arbeidet. Vidare skal trafikktrygging vere eit fast tema i øvrig kommunal planlegging for arealbruk, lokalisering av tenester o.l.

Kommunen har i denne perioda vore i ein sterkt pressa økonomisk situasjon, dette kan ha hatt innverknad på graden av måloppnåing i plana, då det er ønskeleg at fleire av tiltaka skulle vore gjennomførte.

Derfor har kommunen prøvd å tenkje litt annleis i den nye plana. Tiltaka skal være realistiske, ikkje for mange store prosjekt og dei skal være mogleg å gjennomføre innafor den perioda som plana gjeld for. I tillegg har det blitt lagt til ein kategori for mindre tiltak slik at desse tiltaka blir målbare ved neste rullering av trafikktryggingsplana.

I målsettinga til den førre plana ligg ein visjon om færre skadde og drepne på vegane i kommunen, og dei nye ulykkestala på side 17-22 syner ei positiv utvikling med stor nedgang i både antal ulykker og færre personar involverte.

Nedanfor er dei prioriterte tiltaka frå førre plan vurdert og kommentert:

Kategori 1: Tiltak langs kommunale og fylkeskommunale vegar som kan søkast trafikktryggingsmidlar til (50% kommunal del)

1. Gang- og sykkelveg Fv147 frå Rv661 til Fiks trevare ca 400 meter. Kostnad 1 500 000 **UTFØRT**
(Gjennomføring i 2009)
2. Vidareføring av gang- og sykkelveg til Vorpeneset, Ca 500 meter. Kostnad 1 500 000
(Gjennomføring i 2010) **Etter at ny reg.plan er vedtatt – tidligast i 2015**
3. Gang- og sykkelveg på Vike, Febrandshaugen-Gjermundnes, ca 500 meter. Kostnad 1 500 000 –
(Gjennomføring i 2011) **Ikkje prioritert så langt**
4. Gang- og sykkelveg Vik-krysset-Selnesvegen, ca 1500 meter. Kostnad 4 500 000
(Gjennomføring i 2012-2014) - **Ikkje prioritert så langt**

Obs: tiltak 2 og 4 krev reguleringsplan



Kategori 2: Veglys – finansiert gjennom årleg løyving frå kommunen, Nordvest nett AS og ev.private.

1. Supplering på Nerås, Sætre, Vik m.m. Kostnad 200 000 – [Ta ut eller endre?](#)
2. Rv661 Åsbygda – Furland – ferdig planlagt heilt til Vik. Kostnad 2,2 mill. Må på budsjett.
3. Aktuelt byggefelt(førstemann til mølla prinsippet) Kostnad 200 000 – [Viderføre?](#)
4. Sjøgata/Kjøpmannsgata i samband med Tettstadutvikling prosjektet – [\(Ikke gjort OK – ein del av tettstadprosjektet\)](#)

Kategori 3: Gang- og sykkelvegar langs riks- og europavegane

1. Rv 661 G/S-veg Furland (Flate-Nyjord) ([I samband med Møreaksen?](#))
2. E136 G/S-veg Tresfjord kyrkje-Sætre ([lite realistisk, ev turveg til Fagervikane](#))
3. W136 G/S-veg Gjermundnes-”Tante Klara” ([Teknisk vanskeleg, sidebratt](#))
4. Rv661 Fortau Tomrefjord sentrum-setervegen ([Lett gjennomførbar](#))
5. E136 G/S-veg Helset-Krogset ([blir gjennomført i samband med Tresfjordbrua](#))
6. E136 G/S-veg Kjøpstad-Skorgen Barnehage
7. E136 G/S-veg Øygardsbakken-Eidhammer
8. E136 G/S-veg Løvik bedehus-Løvika ([blir bygd i samband med Tresfjordbrua?](#))
9. Rv661 G/S-veg Åsbygda-Furland ([I samband med Møreaksen?](#))
10. Rv661 Furland(Nyjordsvegen)-Vik ([I samband med Møreaksen?](#))

Kategori 4: Andre tiltak på og ved riks- europavegane

1. Skilting E136: farlege svingar, forbikjøring forbudt ved avkjøring til Vike og gjennom Tresfjord sentrum, ”full stopp” ved Skorgeneset. E39: 60 sone frå Furneskrysset til Vestnesbrua. Sikre brøytekast mot undergangen ved Idahall på Rv 661. ([Ingenting gjort](#))
2. Fleire busslommer/skur langs riks- og europavegane. **NY BUSSLOMME VED RUNDKJØRINGA TIL FURNESET + utbetring av mange busslommer E136**
3. Omlegging kryss bakketopp E39 nordom Vestnes kyrkje, svingefelt ved avkjøring til Vestnesbukta og sambindingsveg mellom kyrkja og Buktavegen. ([Ikke gjort - Må regulerast](#))
4. Utbetring av smal veg på Rv661 forbi Fiksdal kyrkje ([Ikke gjort - Bør vere realistisk i samband med g-/s-veg til setervegen? Plan?](#))
5. Undergang for hest/rytter og skiløparar E39 v/Skitnesetra (Ørskogfjellet) ([ikkje gjort og ikkje realistisk](#))

Kategori 5: Større tiltak på Europavegane

1. E136 Tresfjordbrua – Mål oppstart innan 3 år. **FERDIGSTILLING I 2015.**
2. E39/E136 krabbefelt og utretting av farlege svingar over Ørskogfjellet – Mål oppstart innan 3 år. ([På vegvesenets handlingsplan for 2018](#))
3. E39 Brastadkrysset, utbetring for å få ned talet på ulykker og ei tryggare trafikkavvikling ([Reguleringsplan på gang i samband med Tresfjordbrua](#))
4. E39 Furneset ferjekai, utbetring for å betre tilhøvet for både mjuke og harde trafikantar. ([Plan fins, men ikkje midlar](#))



Ny prioriteringsliste for 2015-2018:

Prioriteringsrekkefølgja på tiltaka treng ikkje følgjast slavisk, men brukast som eit utgangspunkt. Det kan oppstå situasjonar som gjer at eit prosjekt kan bli framskunda eller at det er meir hensiktsmessig å utføre det eine før det andre. Det kan til dømes gjelde planprosessar der det blir naturleg og sjå fleire prosjekt under eitt og same, eller av økonomiske årsakar.

Kategori 1: Gang- og sykkelveg langs kommunale og fylkeskommunale vegar som det kan søkast trafikktryggingsmidlar til (50 % kommunal del)

1. Forlenging kommunal veg: Gangveg Gjermundnes - Tante Klara
2. Buktavegen (ca 1,4 km)
3. Myrateigen-Ramberget(til nytt byggefelt) Fv 160 (ca 300 m)
4. Vike, Febrandshaugen-Gjermundnes (ca 900 m)
5. Vik-krysset-Selnesvegen (oppstart av reguleringsplan)

Kategori 2: Andre tiltak på kommunale og fylkeskommunale vegar som det kan søkast trafikktryggingsmidlar til (50 % kommunal del)

1. Fotgjengarovergang på kommunevegen når ein kjem frå gamlebrua og mot sentrum
2. Nedsett fartsgrense frå Tresfjord skule og opp til ”Skjørslletten”(opp mot Kjersemfjellet)
3. Trafikktryggingstiltak i Remmemsbukta og Skulevegen
4. Fiksdal oppvekstsenter, betre løysing for busstopp.
5. Busskur for elevane ved Helland skule.

Kategori 3: Veglys – finansiert gjennom årleg løyving frå kommunen, Nordvest nett AS og ev.private.

1. Fv 661 Åsbygda-Vik/Trohaugen
2. Sjögata-Vestnes sentrum
3. Supplering lys ved Vike skule
4. Kommunale byggefelt



Kategori 4: Større tiltak langs Fv661 og europavegane

1. Fv 661 Fortau Tomrefjord sentrum til setervegen
2. Fv 661 Breiddeutviding og GS veg Fiksdal kyrkje til setervegen
3. E 39 Omlegging kryss bakketopp Vestnes kyrkje
4. E39/E136 krabbefelt og utretting av farlege svingar over Ørskogfjellet
5. E39 Furneset ferjekai, utbetring for å betre tilhøvet for både mjuke og harde trafikantar.

Kategori 5: Andre tiltak langs Fv661 og europavegane

1. Fleire busskur ved eksisterande busslommer.
2. Busslomme på E39/E136 på Brastad.
3. Fotgjengarovergang på FV661 ved Fiksdal oppvekstsenter

Kategori 6: Mindre tiltak på kommunale vegar (Skilting, siktrydding og fartshumpar)

- Siktrydding heile kommunen.
- Fartsreduserande tiltak langs Brastadstranda. Skilt gjennomkjøring forbudt?
- Skilting ved innkjøring til Skulevegen med ”Skuleveg-køyr forsiktig”
- Gang- og sykkelstien mellom Kollen og Myrateigen blir brukt som bilveg, sette opp ei betre sperring i form av stein/blokker.
- Betre sikta i krysset til Hagneset ved bobilane
- Elevar ved Fiksdal oppvekstsenter ønsker at skulebussen går heilt opp til siste bebyggelse i bygda slik at dei ikkje må møte opp på joker butikken. Kommunen vil prøve å få til dette.
- Fartsdempande tiltak i Remmemsråket, skilting, fartsdempar
- Fartsdempar ved avkjøring til Vike friskule
- 50 sone frå Rypdal bedehus og opp til Øvstedalen



Innkomne innspel i forbindelse med varsling av oppstart med planarbeidet:

Kategori 1: Gang- og sykkelveg langs kommunale og fylkeskommunale vegar som det kan søkast trafikktryggingsmidlar til (50 % kommunal del)

- Vestnes: fortau på Hagnesvegen, fartsdempande tiltak
- Vike: videreføring av gang og sykkelveg, Febrandshaugen-Gjermundnes
- Øverås: gangveg frå byggefeltet til bussbygget(treningsbrakkene) der ungene venter på bussen
- Vik: fortau på Vikvegen frå Vik krysset til undergangen ved Idahall

Kategori 2: Andre tiltak på kommunale og fylkeskommunale vegar som det kan søkast trafikktryggingsmidlar til (50 % kommunal del)

- Tomrefjord: forlenget 60 sone frå skilt med "Tomrefjord". evnt skiltet fotgjengerovergang.
- Tresfjord: fartsdempande tiltak frå Tresfjord skule og opp til "Skjørslatten"(kommunevegen opp mot Kjersemfjellet)
- Fiksdal oppvekstsenter, busstopp og gangveg på same areal, trafikkfarlege situasjoner
- Fiksdal: fotgjengarovergang frå nytt fortau/parkeringsplass og over fv147 til jokerbutikken
- Vestnes: ønske om fotgjengarovergang når ein kjem frå gamlebrua og skal mot sentrum. (over vegen som går bort til Rema)
- Vestnes: oppmerking av fotgjengarovergang mellom Helland barnehage 1 og 2
- Vestnes: oppmerking av fotgjengarovergang frå same barnehage mot gartneriet
- Vestnes: fartsdempande tiltak ned mot Myra
- Vestnes: fartsdempande tiltak på Misfjordvegen frå krysset opp til Hellandhaugen og til avkjørsel til Kråkvika. Spesielt fotgjengarovergangar for dei som bur på nedsida
- Vestnes: betre trafikktihøva for busspassasjerar ved Vestnes brygge
- Heile kommunen: Generell siktopprydding
- Vestnes: busskur for elevane ved Helland skule
- Vestnes: busslomme, fotgjengarovergang, nedsett fartsgrense Remmemsvika
- Vike: videreføring av gs veg ned til hurtigbåtkaia på Vike



Kategori 3: Veglys – finansiert gjennom årleg løyving frå kommunen, Nordvest nett AS og ev.private.

- Gatelys i byggefelt Fiksdal vest
- Gatelys på gjenstående strekning frå Fylling til enden av Fiksdalstrand
- Meir lys ved nedkjøring til Vike skule på same side som busskur
- Manglande/dårleg belysning i Kollen

Kategori 4: Større tiltak langs Fv661 og europavegane

- Stenge krysset på bakketoppen ved Vestnes kyrkje
- Bygge opp att/rekonstruere gamlevegen mellom Tresfjord og Daugstad/Fagervika til gang- og sykkelveg
- Gang- og sykkelveg mellom Øygardsbakken og Eidhammar utan innsnevring av vegen
- Gang- og sykkelveg mellom Eidhammar og til Eiknessvingen/Bjermeland
- Gang- og sykkelveg frå Krogseth til Skjegstad
- Gang- og sykkelveg frå Skorgen barnehage til Eiknessvingen
- Fiksdal: Fortau på fv661, frå fv147 til Iverbakken
- Fiksdal: Vidareføring av gangveg langs fv661 til Marken
- Fiksdal: Gangveg frå Fiksdal oppvekstsenter mot kirka og videre langs fv661

Kategori 5: Andre tiltak langs Fv661 og europavegane

- Ombygging av avkjørsle til skogs bilveg. Mathias Sylte gnr 9, bnr 13.
- Fleire busslommer på strekninga Remmem-Ellinggarden
- E136-forbikjøring forbod skilt ved kryss til Vike kaia og Tresfjord sentrum
- Fotgjengarovergang med skilt mellom Spar Tresfjord og bensinstasjonen
- Fotgjengarovergang med skilt mellom slutt punkt på gangveg til kyrkja og kyrkjeporten
- Fiksdal: Bbusslomme og busskur ved krysset Fv147 og Fv661
- Fiksdal: Fartsdempande tiltak på FV661 ved Fiksdal oppvekstsenter



Kategori 6: Diverse mindre tiltak (Skilting, siktrydding og fartshumper)

- Vestnes: därleg sikt i krysset til Hagneset ved bobilane
 - Fiksdal: elevar ved Fiksdal oppvekstsenter ønsker at skulebussen går heilt opp til siste bebyggelse i bygda slik at dei ikkje må møte opp på joker butikken.
 - Siktrydding langs Hagnesvegen
 - Gang- og sykkelstien mellom Kollen og Myrateigen blir brukt som bilveg, sette opp ei betre sperring?(bommen blir broten opp)
 - Vestnes: Fartsdempande tiltak i Remmemsråket, skilting, fartsdempar
 - Vestnes: Ønske om fartsreduserande tiltak langs Brastadstranda. Skilt?
 - Vestnes: Redusere fartsgrensa på Skulevegen
 - Vestnes: Skilting ved innkjøring til Skulevegen med ”Skuleveg-kør forsiktig”
 - Vestnes: Fartsdempar Hagneset
 - Vike: Fartsdempar ved avkjøring til Vike friskule
 - Fiksdal: Nedsett hastighet på fv147 frå fv661 til Marken
 - Tresfjord: 50 sone frå Rypdal bedehus og opp til Øvstedalen
-

Vedlegg til plana:

Vedlegg 1:

Haldningsskapande tiltak i barnehagane

Vedlegg 2:

Haldningsskapande tiltak i skulane